



Referat styremøte

Tid: 22. september 2022 kl 1900

Stad: Polen

Til stades: Heidi Christoffersen, Olav Mandt, Evy Beate Stykket, Kari Lønnestad, Kristin Kleppen, Arne Hatlen

Møtet starta med en ikkje planlagt befaring i kjellaren under Åheim. Befaringa blei gjort på oppfordring frå Tore Bjørn Pettersen ettersom han leia ei dugnadsgruppe som hadde rydda kjellaren utan at styret var orientert i forkant. Styret såg på gamle vindauge og dører som var tatt ut for å gje plass til annan lagring i kjellaren. Tilstanden til desse bygningsdelane er varierende. Dei beste kan brukast til restaureringsformål, men museet har så langt ikkje hatt behov for dei.

Befaringa førte til ein diskusjon ikring prosedyrar og rutinar ved museet. Rydding og anna skal skje på bakgrunn av vedtak, men dette må informerast om i forkant, og ein må ha ei klar plan for kva som kan og skal gjerast, og korleis.

Vi treng klare retningslinjer for korleis saker skal handsamast og korleis styrevedtak skal følgjast opp. Eit forslag er at arbeidsutvalet bør ha ei rolle i samkjøring av slike oppgåver. I arbeidsutvalet bør alle som leiar utval under styret vere med (samlingane, anlegg, program og dagleg drift). Det som skal gjerast, må først takast opp der før det tas vidare til styret. Utvalet får dermed ansvar for å iverksette vedtak i styret. Ved vedtak om rydding må ein avtale tid for befaring (av styret og samlingsansvarleg) før ein startar på prosessen med å rydde ut

I denne omgang snakkar Heidi med Finn om det finst opplysningar i inntaksprotokoll om evt. vilkår for bruk eller avhending av bygningsdelane, slik at vi får tatt ei avgjerd om kva vi skal gjera med dei.

Styret må elles ha befaring og gjera seg kjent med alle stader der museet har gjenstandar oppbevart. Sjå sak 49/22.

Olav Mandt løfta nok ein gong opp spørsmålet om dagleg leiar. Sjå sak 44/22. Dette står ikkje på sakskartet i dag, men og må opp på seinare møte.

Desse diskusjonane førte til at det ikkje blei nok tid på møtet til alle dei oppsette sakene, men nokre blei kommentert.

Sakliste

Sak 48/22 Sak 49/22

Referat og innkalling

Godkjent

- Sak 49/22** Bygg og anlegg
- Status malejobb Åheim
 - Østerli (se vedlegg)
Forslag: selge Østerli for å skaffe penger og slippe framtidige vedlikeholdsutgifter på eiendommen?
 - Vedlikeholdsplan Kvennøya: forslag til framdriftsplan og kalkyler (Jørn)
 - Gjerde mot elva? Hva slags gjerde? Ev andre forslag?
 - Ekskursjon til museets anlegg og lager – ledd i nybygg romprogram: magasinkapasitet. Kva har vi behov for. En lørdag med gjennomgang?

Sak 50/22

Programkomiteen

- Tilbud om utstilling på Bø museum: *Systerspel*. Se vedlegg.
 - Ang. tilbud om utstillinga: Museet ønsker å markere skulejubileet neste år, men sidan vi hadde kvinnelege hardingfelespelarar som tema for utstillinga for nokre år sidan er vandretstillinga ikkje aktuell for oss.
- Julemessa (26.-27.nov)
Planlegging av julemessa bør koma i gang om ikkje lenge
Bergits forslag:
 - Kristin og Bergit tek ansvar for småkakebaking, kafe Polen og Åsestugo, både varer og vaktlister.
 - Ei gruppe tek ansvar for Åheim; varer, vakter, evt aktivitetar, ulike vaktmeisteroppgåver. Bør vurderast om utstillingsbygget kan brukast, det har vore snakka litt om.

Sak 51/22

Prosjektleder fra BM til DKS-prosjekt om energi (jfr. Bergits mail 12.09)

- Me treng ein representant, men dette må avtalast på seinare møte.

Sak 52/22

Midt-Telemark museum

Fagdagen om Gårahaug 5. november. Her er Bø museum tenkt inn.

- Kari snakkar med Finn om fagdagen 5. november, mogeleg presentasjon av gjenstandar frå Gårahaug.

Saker til representantskapsmøte i Bø kulturnettverk torsdag 29/9 kl.18.30. Saker som bør tas opp? (Se referat)

Sak 53/22

Ymse

- Forespørsel frå Tore Bjørn om dekking av deltakaravgift og middag i samband med seminar med Kultur-IT. Dekking av desse kostnadene innvilgast. For seinare ønsker styret at slike ting skal avtalast på førehand.
- Evy: Ei motorinteressert gruppe i Bø vil arrangere rallyritt 15. oktober. Kan me stille med ein post ved museet? Me svarar positivt på dette.
- Kristin og Arne stiller som vertskap på møtet som oppvekst- og kulturutvalet skal ha på museet fredag 23.09. Utvalet skal vera der ca 45 minutt.
- Møte Visit Bø, tirsdag 4. oktober 9-13. Møtetidspunktet er vanskeleg for dei som er i jobb. Kristin melder seg på og stiller dersom ho er heime på det tidspunktet.

Ref Kari